

Kvartalsrapport

1-2015



**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES



# Kommentarar 1. kvartal 2015

## Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande 7 heileigde dotterselskap

- EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS
- SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS
- SpareBank 1 Hallingdal Invest AS
- SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS
- SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS (tidl. SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS)
- HallingRegnskap AS
- Valdres Regnskap AS

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapa, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 1. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 1,2 mill. kroner etter goodwillavskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapa i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 4,9 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 29,6 mill. etter 1. kvartal.

## Morbanken

### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 24,7 mill. kroner som svarar til 1,15% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er betre enn for tilsvarande periode i fjor, og betre enn venta. Det gode kvartalsresultatet er i stor grad påverka av utbytte på anleggsaksjar og gevinst på sal av aksjar.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 35,7 mill. kroner mot 38,0 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,67 %. I same periode i fjor var rentenettoen 2,03 %.

Netto andre driftsinntekter utgjer 29,6 mill. kroner mot 17,1 mill. i same periode i fjor. Den store auken kjem i hovudsak frå auka utbytte frå anleggsaksjar og kursgevinst frå sal av banken si aksjeportefølje som blir omtala nedanfor. Utbytte frå selskap (anleggsaksjar) som banken normalt får utbytte frå, er litt høgare enn i fjor og er inntektsført på utbetalingstidspunktet som var tidlegare i år enn i fjor.

Driftskostnadane i 1. kvartal aukar frå 31,8 mill. i fjor til 33,4 mill. kroner i år. Dette er ein generell vekst i kostnader utan at nokon postar peikar seg spesielt ut.

Resultatrekneskapa viser ein netto tapskostnad på 0,4 mill. kroner.

## Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 8,8 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 15,4 % siste 12 månader.

Balansførte utlån har ein vekst frå 1. kvartal i fjor på 376 mill. kroner. Banken har overført bustadlån for 1.557 mill. kroner til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt). Dette utgjer 18,4 % av balansførte og overførte lån. Volumet er tatt noko ned i løpet av kvartalet pga. god likviditet og mindre behov for ekstern finansiering.

Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balansførte utlån. Tek ein med desse er utlånsvæksten siste året på 320 mill. kroner eller 3,9 %. I privatmarknaden er væksten siste 12 månader på 164 mill. eller 3,0 %. Tilsvarande tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 156 mill. kroner og 6,0 %. Bankens relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 39,9 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 60,1 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga høvesvis 32,6 % og 67,4 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 87,6 mill. av utlånsvolumet og er på same nivå som ved årsskiftet. Misleghaldet utgjer 1,27 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 48,4 mill. kroner per 1. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken har sidan 2000 hatt ei verdipapirportefølje som blir forvalta av ekstern forvaltar. I 1. kvartal er volumet auka med ca. 200 mill. samstundes som aksjeporteføljen er flytta over i aksjefond som har om lag same investeringsprofil som banken si tidlegare aksjeportefølje. Målet med utvidinga er tilpassing til nye regulatoriske krav som har kome og som blir trappa opp dei komande åra. Målet med omlegginga frå enkeltaksjar til aksjefond er å spare kostnader gjennom enklare forvaltning og oppfølging av porteføljen. Allokeringa i porteføljen har framleis ei hovudvekt på obligasjonar/obligasjonsfond og eit mindre volum i norske og utanlandske aksjefond.

Banken har no ei samla verdipapirportefølje av obligasjonar og obligasjonsfond på litt under 600 mill. kroner. Porteføljen med enkeltaksjar og aksjefond er på 194 mill. kroner. Bankens vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 51,5 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap er bokført til 42,2 mill. kroner. Andre anleggsaksjar utgjer 135,8 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på 5.972 mill. kroner, og er ein auke på 1.296 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3.361 mill. på privatmarknaden og 2.610 mill. innafor bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 27,8 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 86,5 % mot 71,6 % for eit år sidan. Den store innskotsveksten skuldast at banken har hatt svært gode innskotsvilkår i ein periode der mange bankar starta med å setje innskotsrentene kraftig ned.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.680 mill. kroner i eksterne innlån fordelt på 6 obligasjonslån på til saman 1.580 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 254 mill. kroner løpetid på under eit år. Bankens har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Bankens sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 14,96 % ved utgangen av 1. kvartal og er over det lovmessige kravet på 13,5 %. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapa er ikkje revidert.

## Framtidsutsikter

I slutten av 4. kvartal i fjor og i 1. kvartal i år har det i Noreg vore store reduksjonar i bankane sine rentevilkår både på utlån og innskot. Etter ei lang periode med små endringar, sette bankane ned rentene i fleire omgangar. I ein slik periode blir det usikkerheit omkring utviklinga. Sjølv om Norges Bank ikkje sette ned renta i marsmøtet, er det venta ein rentenedgang i mai eller juni. Me ventar at nytt nivå på rentemarginen ikkje har «satt seg» heilt enno og at rentene skal vidare ned framover.

Utlånsvæksten til privatmarknaden har vore låg dei siste to kvartala. Det er gjort grep på prising av utlån for å få opp væksten, men det tek tid før ein ser resultatet av tiltaka. Tida framover vil vise om etterspørselen tek seg opp. Ein vekst i privatmarknaden er eit viktig grunnlag for bankens si utvikling.

Me har lagt bak oss eit kvartal med låge tap. Arbeidsløysa i Noreg er stigande, men så langt er det oljesensitive yrke som er mest råka av reduserte oljeinvesteringar. Så lenge verknaden er avgrensa, er det grunn til å vente at tapa framover bør halde seg på eit lågt nivå.

Konsernet har mange eigedomar. Det er eit mål å redusere eigedomsmassen når det fell naturleg. I 1. kvartal er SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS sine lokale i Ålingen kjøpesenter på Ål seld. Dette er ein prosess som selskapet ønskte for å kunne få eit samla eigarskap av senteret noko som er ein føresetnad for vidare utvikling av senteret. Dei nye eigarane er allereie i gang med å planleggje ei omgjerung og opprusting av senteret det komande året.

Drifta i SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS var prega av fusjon i fjor. Den vil også prege selskapet inn i 2015 slik at resultatet vil nok ikkje vere på eit ønskeleg nivå i 2015.

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS innfrir forventningane hittil i år gjennom svært gode salstal i Hallingdal og Valdres. Dette lovar bra for året totalt sett då det er hausten som er den mest travle tida for ein «fjellmegler».

Hallingdal, 31.03.15/12.05.15

Kjell Vidar Bergo    Åge Sandsengen    Sissel Bjørøen  
Styreformann    Nestformann

Odd Holde    Tore Østlund    Sissel Skringo    Vidar Isungset

# Resultatrekneskap 1. kvartal 2015 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 14	1. kv. 14	1. kv. 15	31.03.14	31.03.15		31.03.15	31.03.14	1. kv. 15	1. kv. 14	Året 14
324 482	78 253	77 512	78 253	77 512	Renteinntekter og liknande inntekter	76 616	77 361	76 616	77 361	320 939
169 254	40 252	41 775	40 252	41 775	Rentekostnader og liknande kostnader	41 764	40 235	41 764	40 235	169 342
<b>155 228</b>	<b>38 001</b>	<b>35 737</b>	<b>38 001</b>	<b>35 737</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>34 852</b>	<b>37 126</b>	<b>34 852</b>	<b>37 126</b>	<b>151 597</b>
16 209	186	2 766	186	2 766	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	8 883	6 345	8 883	6 345	46 715
70 309	17 208	18 545	17 208	18 545	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	18 545	17 208	18 545	17 208	70 309
5 678	1 677	891	1 677	891	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	891	1 677	891	1 677	5 678
5 893	859	8 495	859	8 495	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	8 495	859	8 495	859	5 893
2 576	560	691	560	691	Andre driftsinntekter	20 008	21 084	20 008	21 084	73 903
<b>89 309</b>	<b>17 136</b>	<b>29 606</b>	<b>17 136</b>	<b>29 606</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>55 040</b>	<b>43 819</b>	<b>55 040</b>	<b>43 819</b>	<b>191 142</b>
<b>244 537</b>	<b>55 137</b>	<b>65 343</b>	<b>55 137</b>	<b>65 343</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>89 892</b>	<b>80 945</b>	<b>89 892</b>	<b>80 945</b>	<b>342 739</b>
69 438	17 353	18 339	17 353	18 339	Personalkostnader	32 603	31 686	32 603	31 686	123 426
31 907	8 699	8 005	8 699	8 005	Administrasjonskostnader	7 916	8 298	7 916	8 298	31 716
3 629	868	965	868	965	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	3 443	3 951	3 443	3 951	21 154
23 763	4 911	6 079	4 911	6 079	Andre driftskostnader	8 359	7 635	8 359	7 635	35 532
<b>128 737</b>	<b>31 831</b>	<b>33 388</b>	<b>31 831</b>	<b>33 388</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>52 321</b>	<b>51 570</b>	<b>52 321</b>	<b>51 570</b>	<b>211 828</b>
<b>115 800</b>	<b>23 306</b>	<b>31 955</b>	<b>23 306</b>	<b>31 955</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>37 571</b>	<b>29 375</b>	<b>37 571</b>	<b>29 375</b>	<b>130 911</b>
14 375	2 751	358	2 751	358	Tap på utlån, garantier mv	568	2 751	568	2 751	14 375
-10 503	0	3	0	3	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	292	0	292	0	-10 503
<b>111 928</b>	<b>20 555</b>	<b>31 594</b>	<b>20 555</b>	<b>31 594</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>36 711</b>	<b>26 624</b>	<b>36 711</b>	<b>26 624</b>	<b>127 039</b>
24 131	5 600	6 900	5 600	6 900	Skatt på ordinært resultat	7 078	6 004	7 078	6 004	22 971
<b>87 797</b>	<b>14 955</b>	<b>24 694</b>	<b>14 955</b>	<b>24 694</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>29 633</b>	<b>20 620</b>	<b>29 633</b>	<b>20 620</b>	<b>104 068</b>
<b>87 797</b>	<b>14 955</b>	<b>24 694</b>	<b>14 955</b>	<b>24 694</b>	<b>Resultat</b>	<b>29 633</b>	<b>20 620</b>	<b>29 633</b>	<b>20 620</b>	<b>104 068</b>

Kontoplanen er revidert i 2014. Dette fører til nokre endringar i oppstillingsplanen. Rekneskapen for tidlegare perioder er omarbeidd tilsvarande slik at samanlikningar blir korrekt.

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	1. kv. 15	1. kv. 14	Året 14	Norm 14 *
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,67	2,03	1,96	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	51,13	58,55	52,65	51,55
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,56	1,76	1,63	1,36
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,00	9,01	11,21	12,45
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,16	6,56	8,79	9,57
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,01	0,04	0,22	0,16
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	5,76	9,25	3,44	5,39
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 557 487	1 613 298	1 763 483	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	3,93	11,75	5,32	5,44
Innskotsvekst i % siste 12 md.	27,74	2,40	18,92	8,09
Innskot i % av brutto utlån	86,48	71,60	83,37	84,53
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	15,41	9,48	13,45	6,96
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr) **	877 513	943 949	915 154	
Kapitaldekning**	14,96	17,57	15,87	18,29
Eigenkapitalprosent	11,61	12,75	12,11	9,99
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,70	0,67	0,72	0,64

\* Byggrer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

\*\* Nytt regelverk frå 3. kvartal 2014 (CRD IV)

## Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	31.03.15	31.03.14	Endring	RESULTAT FØR SKATT	31.03.15	31.03.14	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	7 782	6 471	1 311	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	721	611	110
SpareBank 1 Hallingdal Eignedom AS	2 224	2 179	45	SpareBank 1 Hallingdal Eignedom AS	15	82	-67
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	408	0	408	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	240	-244	484
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	11 878	9 722	2 156	SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	-816	1 170	-1 986
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS *		5 149	-5 149	SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS*		388	-388
SpareBank 1 ValHall Eignedomsutvikling AS**	943	85	858	SpareBank 1 ValHall Eignedomsutvikling AS**	-503	-510	7
Sum	23 235	23 606	-371	Sum	-343	1 497	-1 840

\* Selskapet vart fusjonert inn i SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall i 2014

\*\*Selskapet starta i 2013

# Balanse per 31. mars 2015

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
<b>31.12.14</b>	<b>31.03.14</b>	<b>31.03.15</b>	<b>EIGEDELAR</b>	<b>31.03.15</b>	<b>31.03.14</b>	<b>31.12.14</b>
238 049	223 295	239 681	Kontantar og fordringar på sentralbankar	239 681	223 295	238 049
628 293	114 334	594 630	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	594 682	114 539	629 507
6 769 590	6 529 371	6 905 336	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 791 274	6 420 352	6 653 033
-18 889	-12 512	-18 359	- Individuelle nedskrivningar	-18 359	-12 512	-18 889
-30 000	-31 300	-30 000	- Gruppevise nedskrivningar	-30 000	-31 300	-30 000
6 720 701	6 485 559	6 856 977	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 742 915	6 376 540	6 604 144
23 499	22 099	23 499	Overtekte eignedelar	23 499	22 099	23 499
384 618	377 014	497 255	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	497 255	377 014	384 618
298 187	184 198	431 167	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	431 362	199 272	313 257
51 552	90 326	51 552	Eigarinteresser i tilknytt selskap	145 918	154 238	124 684
43 410	51 795	42 178	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
3 149	2 602	12 391	Immatrielle eignedelar	25 355	26 260	16 951
16 480	15 706	15 966	Varige driftsmidlar	106 880	120 209	124 492
15 305	12 273	10 248	Andre eignedelar	25 755	27 968	30 812
26 855	47 375	26 562	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	72 121	75 355	56 344
<b>8 450 098</b>	<b>7 626 576</b>	<b>8 802 106</b>	<b>Sum eignedelar</b>	<b>8 905 423</b>	<b>7 716 789</b>	<b>8 546 357</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	98 693	100 000	100 000
5 643 602	4 675 020	5 971 668	Innskot frå og gjeld til kundar	5 964 547	4 669 473	5 638 366
1 580 765	1 784 165	1 580 549	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 580 549	1 784 165	1 580 765
72 372	44 663	40 211	Anna gjeld	46 742	48 553	75 295
15 912	37 168	39 889	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	51 882	48 340	26 257
14 485	13 389	47 619	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	50 432	18 219	17 521
<b>7 427 136</b>	<b>6 654 405</b>	<b>7 779 936</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>7 792 845</b>	<b>6 668 750</b>	<b>7 438 204</b>
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
102 749	44 614	77 762	Utjamningsfond	77 762	44 614	102 749
90 167	82 406	90 168	Grunnfondskapital	90 168	82 406	90 167
11 589	11 739	11 089	Gåvefond	11 089	11 739	11 589
-	-	-	Fond for vurderingsulikeheter	85 469	78 500	87 718
-	-	-	Anna eigenkapital	-	-8 298	-2 527
<b>204 505</b>	<b>138 759</b>	<b>179 019</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>264 488</b>	<b>208 961</b>	<b>289 696</b>
	14 955	24 694	Resultat hittil	29 633	20 621	
<b>1 022 962</b>	<b>972 171</b>	<b>1 022 170</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 112 578</b>	<b>1 048 039</b>	<b>1 108 153</b>
<b>8 450 098</b>	<b>7 626 576</b>	<b>8 802 106</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>8 905 423</b>	<b>7 716 789</b>	<b>8 546 357</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
638 064	651 154	660 212	Betinga forpliktingar	660 212	651 154	638 064

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	1. kv. 15	1. kv. 14	Året 14
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	87 614	95 266	87 875
- individuelle nedskrivning	17 657	10 930	18 889
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>69 957</b>	<b>84 336</b>	<b>68 986</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	465	3 270	-
- individuelle nedskrivning	504	1 500	-
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>-39</b>	<b>1 770</b>	<b>-</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppe nedskrivning	-	2 800	1 500
Endring individuell nedskrivning	(495)	-2 500	5 397
Konstatert tap i perioden	1 033	2 500	11 064
Inngått på tidl.konst. tap	(180)	-49	-3 586
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>358</b>	<b>2 751</b>	<b>14 375</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,  
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES

